



No er Nissane i kjømda! (Foto: Mari Haugland)

På ein søndagstur mellom Kvarvadalen og Børsdalen, traff vi på desse to, litt gøymt under mose og bar. Då vi spurde kven dei var, fekk vi til svar: Børsdalsnissen og nisseemor!

Når ein tar ein skogstur, er det mykje ein kan sjå og møte på. Desse to, for eksempel, som minner oss på kva høgtid som nærmar seg. Kanskje ikkje det fyrste ein ventar å treffe på, men den alltid kreative Margot Haugland har laga turen til Kalkingsanlegget endå meir triveleg for både vaksne og ungar. Men kvar er Signe Bolette vorte av?



Børsdalsnissane har bygd seg eit lite skjul, så vegen ned til bygda ikkje skal verta så lang. (Foto: Mari Haugland)